



Bygg Prosjekt AS
Fantoftvegen 14P
5072 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6243 - 21/64852

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
29.09.2021

Mellombels bruksløyve (2) for rekkehus 44-46 - gbnr 134/507, 134/508, 134/509 Hilland

Administrativt vedtak: Saknr: 1011/21
Tiltakshavar: Alversund Utvikling AS
Ansvarleg søkjar: Bygg Prosjekt AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for rekkehus på gbnr 134/507, 134/508 og 134/509 (tidlegare gbnr 134/471) på følgjande vilkår:

Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Bustad 44 på gbnr 134/507. Ferdigattest skal liggja føre innan 31.12.2021.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilla, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, rammeløyve gitt i vedtak datert 27.01.2017 og igangsetjingsløyve gitt i vedtak datert 07.12.2019, 19.05.2020 og 25.06.2021 .

Mellombels bruksløyve gjeld bustad 44 på gbnr 134/507.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Innhenta og oversenda koordinatar for plassering av tiltaket.
2. Utarbeida og overlevera FDV dokumentasjon.
3. Motta vegelister for levert avfall og utarbeida sluttrapport avfall.

Ansvarleg sækjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.12.2021.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 09.09.2021 og supplerande dokumentasjon journalført mottatt 29.09.2021.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for bustad 44.

Skildring

Adresse:	Vardane 220
Bygningstiltak:	Rekkehus
Bygningsnummer:	300 729 804
Bruksareal:	113 m ²
Avløp:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	1

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/6243

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alversund Utvikling AS

Fagernes 4

5043

BERGEN

Mottakarar:

Bygg Prosjekt AS

Fantoftvegen
14P

5072

BERGEN